



Kvart år vert det skrive om badestranda på Stølavikjo og rydding. Arealet er i privat eige og Uskedal utvikling har med stor velvilje frå grunneigaren tilrettelagt stranda for den bruken den har i dag. Å rydda stranda kvart år må vera eit felles ansvar av brukarane. Det same gjeld søppel og bos.

Jamvel Friluftsrådet Vest har gode erfaringar med at alle tek med sitt eige søppel eller ser til at det vert kasta i SIM sine restdunkar.

Uskedalen har eit kommunalt friområde/badestrand. Den er skilta og ligg i Korsneset. Med velvilje og positive grunneigarar vert fleire strender nytta til bading,- Steinsletto, Stølavikjo, Beinavikjo, Campingen, Vågen og på Skorpo.

Vi er godt nøgde med denne løysinga, men det medfører at alle tek ansvar og syner respekt for at dette er areale i privat eige.

Uskedal utvikling